



Foreldra til 5 åringar i Skodvin skulekrins

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6819 - 14/22151

Saksbehandlar:

Ragna Midtbø

Ragna.Midtbo@lindas.kommune.no

Dato:

30.09.2014

## Informasjon om innskriving og andre tiltak for 1.klassingar frå hausten 2015

Kommunestyret i Lindås gjorde 21.03.13 dette vedtaket:

«Skodvin skule vert lagt ned. Alle elevane vert overført til Lindås barneskule når arbeid med byggetrinn 3 er ferdigstilt. Noverande kringsgrenser vert overført til Lindås barneskule skuleåret 2014/2015».

Etter søknad frå Foreininga Skodvin Montessoriskule vart nedlegginga utsett til hausten 2015.

Dette tyder at de frå hausten har eit barn som høyrer til i Lindås barneskulekrins.

Under finn de informasjon om dei tiltaka som er planlagde for «nye» 1. klassingar og foreldre i Lindås barneskulekrins 2015

- |                    |   |
|--------------------|---|
| <i>Januar 2015</i> | <i>De får eit brev frå Lindås barneskule med invitasjon til innskriving og skjema med utfylling av opplysningar om barnet</i>                                       |
| <i>04.02.15</i>    | <i>Innskriving på Lindås barneskule. Foreldre og barn møter. Borna har eit opplegg med lærarar, foreldra er på informasjonsmøte med administrasjonen på skulen.</i> |
| <i>27.05.15</i>    | <i>Førskuledag for borna, foreldremøte for foreldra om ettermiddagen. Elevane får møta lærarane sine og kvart barn møter fadderen sin frå 5. trinn.</i>             |
| <i>03.06.15</i>    | <i>Førskuledag for 6.åringane frå Solhaugen barnehage frå klokka 9.00. Dei er saman med fadrane ein time først, deretter er dei på besøk i SFO</i>                  |
| <i>10.06.15</i>    | <i>Førskuledag for 6.åringane frå dei andre barnehagane frå klokka 9.00. Dei er saman med fadrane ein time først, deretter er dei på besøk i SFO.</i>               |

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Dersom de kjem til å velja privatskule og ikkje offentleg skule for barnet dykkar, bed me om at de gjev melding om det så snart som råd er.

Meldinga kan sendast til:

rektor på Skodvin skule, Arne M. Kvamme, [arne.kvamme@lindas.kommune.no](mailto:arne.kvamme@lindas.kommune.no)  
eller til rektor på Lindås barneskule, Cato Risøy, [cato.risoy@lindas.kommune.no](mailto:cato.risoy@lindas.kommune.no)

Spørsmål om innskriving og skulestart kan rettast til begge skular.

Med helsing

Ragna Midtbø  
einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Foreldra til 5 áringar í Skodvin  
skulekrins